

PROTOKOLL

Møte i Helseutvalet i Nordhordland

Formål:	Møte 3- 2016 i Utval for helse og omsorg
Møtetid:	Fredag 16.september, kl. 09:00 – 12:00
Stad:	Møterom Regionrådet
Til stades:	Stian Herøy, Karstein Totland, Peter Kubon, Tord Moltumyr, Øivind Olsnes, Astrid Aarhus Byrknes og Anne Hildegunn Færøy.
Til stades på sak:	Astrid Toft(KS) og Rolf Martin Tande(Masfjorden kommune)
Ikkje møtt	Jarle Landås
Møteleiar:	Astrid Aarhus Byrknes
Referent:	Anne Hildegunn Færøy

SAKSNR	SAKSLISTE
21/16	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste godkjent utan merknader
22/16	Godkjenning av referat frå utvalsmøte 2-2016, 20.mai Referat frå møte 2-2016 godkjent utan merknader.
23/16	<p>Kommunane si styring av legetenesta</p> <p>Astrid Toft, KS var invitert til møtet for å presentere rapporten; <i>Kommunal legetjeneste - kan den ledes?</i> Rapporten er utarbeidd av Agenda Kaupang på oppdrag frå KS. Presentasjon er vedlagt i e-post.</p> <p>Overordna mål for prosjektet har vert å kartlegge og analysere kommunane sitt handlingsrom for å utøve god leiing av legetenesta, og om kommunane nyttar seg av dette handlingsrommet.</p> <p>I alt 15 kommunar har deltatt i undersøkinga. Meland kommune er ein av dei.</p> <p>Rapporten viser at legar er opptatt av meir kommunal styring av legetenesta, og at ei tydleg kopling mellom administrativ leiing og leiar for legetenesta gir gode resultat.</p> <p>Gjennom rapporten får ein også stadfesta at fastlønna legar gir større mulighet for styring enn når legane er private.</p> <p>Diskusjon:</p> <p>Det vert stilt spørsmål ved korleis ein kan få til betre ordningar for at privatpraktiserande fastlegar i større grad deltar i det kommunale planarbeidet og ei meir heilheitleg tenking og planlegging av tenestene.</p> <p>I Meland har deltakinga i denne kartlegginga ført til at kommunen starta arbeidet med å utarbeid ein kommunal plan for legetenesta. Dette er noko som alle kommunar skal ha.</p> <p>Korleis kan ein ta dette vidare i våre kommunar/regionen?</p> <p>Kva kan kommunane løysa kvar for seg, og kva er det behov for å samarbeida om? Dette er sentrale spørsmål som må drøftast vidare arbeid med temaet.</p> <p>Smittevern er trekt fram som eit område som det kan vere behov for å samarbeide om på tvers av kommunegrensar. Må sjåast i samanheng med sak 24/16.</p> <p>Utvalet konkluderte ikkje ifht korleis kommunane skal arbeide vidare med det som er gjort kjent gjennom rapporten, men er samd om at dette kan vere eit godt hjelpemiddel i kommunane sitt arbeid med planlegging av legetenesta.</p>

	<p>Både politikarar og administrasjon har behov for meir kunnskap om legetenesta og korleis ein kan arbeida for å planlegga betre også for denne tenesta.</p> <p>Det vert vidare vist til at rapporten må sjåast i samanheng med prosjekt Utdanningsstillingar for allmennlegar(sak 24/16) og innspel frå Fagrådet for kommuneoverlegar vedr. behov for ei felles tilnærming til planlegging av framtidig legetenester i kommunane og regionen.</p> <p>Konklusjon: Utvalet takkar for presentasjon og god gjennomgang av rapporten.</p>
24/16	<p>Legetenesta i kommunane - noverande og framtidige utfordringar og muligheter.</p> <p>Rolf Martin Tande orienterte om møte i Fagrådet for kommuneoverlegar og deira innspel når det gjeld behov for å sjå på utviklinga av allmennlegetilbodet i kommunane. Det er behov for å utarbeide plan for legetenesta som m.a. tar opp i seg framtidig rekruttering av legar, spesialisering av legar, korleis sikre at tilboda er forsvarlege, pasientsikkerhet osv. Fagrådet har også peika på at det er viktig å sjå andre kommunale legeoppgåver samla opp mot legedekninga, t.d smittevern.</p> <p>Vidare gav Tande ei statusoppdatering for prosjekt Utdanningsstillingar i primærhelsetenesta (ALIS). Arbeidsgruppa for prosjektet har utarbeidd eit utkast til prosjektplan som skisserer utfordringsbilete og forslag til pilotprosjekt for Bergen og omlandskommunar. Arbeidsgruppa har samarbeidd med KS Vest, Universitetet i Bergen, Haraldsplass Diakonale Sjukehus, Haukeland Universitetssjukehus ,Bergen kommune, Dnlf(Legeforeningen) og Nasjonalt senter for distriktsmedisin (NSDM) i Tromsø.</p> <p>Prosjektskisse og vidare planar er presentert for Helsedirektoratet og helseminister, Bent Høie og aktuelle samarbeidspartar. Målet var m.a. å synleggjere og skape ei bevisstgjerjing av behovet for å utdanne legar med brei kompetanse innanfor alle delar av primærhelsetenesta.</p> <p>Planen for ei pilotering gjeld kommunane i Region Nordhordland og Bergen kommune. Til no er det Masfjorden og Gulen som er aktuelle kommunar i prosjektet. Masfjorden har etter søknad motteke kr.200.000 i innovasjonsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til utviklingsarbeidet.</p> <p>Øivind Olsnes viste til at Rådmannsutvalet har starta ein diskusjon når det gjeld kva ein skal prioritera å arbeida med i det interkommunale fellesskapet. Tema i denne saka er noko av det om må vurderast som eit satsingsområde.</p> <p>Som vist til i sak 23/16, så må pilotprosjektet, initiativ frå kommuneoverlegane om ein felles plan for legetenesta og rapporten som KS har presentert sjåast i ein samanheng.</p> <p>Konklusjon: Utval for helse og omsorg ber Fagrådet for kommuneoverlegar konkretisere ei bestilling til utvalet når det gjeld vidare arbeid og forankring for evt. utarbeiding av plan for legetenesta i kommunane med bakgrunn i det som er skissert i referat frå fagrådet sitt møte 25. og 26.august.</p> <p>Det vert vidare presisert at Utval for helse og omsorg ønskjer å vera ein pådrivar for å få til utdanningsstillingar for legar, men ser at ikkje alle kommunar nødvendigvis deltar frå starten av. Utvalet støttar Masfjorden og Gulen i pilotprosjektet og vil løfta dette politisk.</p>
25/16	<p>Plan for utvalet sine prioriteringar - 2017/2018</p> <p>Utkast til satsingsområde og tema som utvalet skal arbeida med i perioden 2017/2018 var sendt ut i forkant av møtet.</p> <p>Utvalet drøfta utkastet til plan og vil for perioden 2017/2018 prioritera å arbeida med;</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Rekruttering og kompetanse 2. Samarbeid om ressurs- og kompetansekrejvande oppgåver 3. Helsehuset - ein arena for samarbeid og utvikling <p>Utvalet vil også retta fokus mot korleis ein skal arbeida vidare med samarbeid og utvikling ved endra kommunestruktur dei neste åra.</p> <p>Konklusjon: Utvalet drøfta utkastet til plan og konkluderte med at dei vil prioritera å arbeida med fire tema i perioden, og ber om at planutkast vert vidareutvikla i tråd med dette.</p>
26/16	<p>Orientering frå andre utval:</p> <p><u>Regionrådet</u> Stort fokus på skulebruksplan. Utover det ingen saker meldt.</p> <p><u>Rådmannsutvalet(RU)</u> Møte i september;</p>

	<p>- status i kommunane når det gjeld bruk av lærlingar</p> <p>- Status når det gjeld IKT-utvikling /prosjekta. RU drøfta forventningar til korleis IKT kan brukast som eit verktøy for å gje gode tenester og vera meir tilgjengeleg ovanfor innbyggjarane. Dette er ei sak som RU vil ha fokus på i fleire omgangar.</p> <p><u>Samarbeidsutvalet for NH:</u></p> <p>Møte 15.sept. - viser til sak om <i>Avtale om samhandling i forbindelse med pandemiske hendelser</i> , som er utgått. Dette er drøfta av leiarane i Overordna samarbeidsutval, og det er føreslått at noverande avtale blir prolongert fram til ny/revidert avtale føreligg. Lindås op Fedje har meldt at dei ikkje vil gå for å prolongere den. Dei andre kommunane vil vurdere om dei vil prolongere. Avtalen blir sendt til kommunane for handsaming når dei andre samarbeidsutvala har handsama saka. Samarbeidssekretariatet har sendt ut melding til kommunane der dei vert oppmoda om å komma med innspel til tema som skal prioriterast i Handlingsplan 2017.</p> <p>Minner om Toppledermøte i januar - foreslått dato er 12.januar.</p>
27/16	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker meldt.</p>